

Vest politidistrikt

# Trusselvurdering 2024-2025

Offentleg





# Innhald

Forord .....	4
Samandrag .....	5
1. Drivkrefter for kriminalitet.....	6
1.1 Sikkerheitspolitiske endringar .....	7
1.2 Kostnadsauke for innbyggjarar og næringsliv .....	7
1.3 Auka innvandring .....	7
1.4 Rusmidlar og psykisk uhelse .....	7
1.5 Teknologisk utvikling.....	7
2. Truslar mot demokratiske verdiar .....	8
2.1 Utanlandsk etterretningsverksemd i Vestland .....	9
2.2 Etterretningsverksemd mot industri- og teknologimiljø.....	9
2.3 Samansette verkemiddel.....	9
2.4 Hatytringar, radikaliserings og truslar om terror.....	10
3. Truslar mot trygge lokalsamfunn .....	12
3.1 Kriminelle nettverk med internasjonale knytingar .....	13
3.2 Tre internasjonale ein-prosent motorsykelklubbar etablert i Vestland.....	13
3.3 Kriminelle ungdomsmiljø .....	13
3.4 Mobile vinningskriminelle.....	15
3.5 Menneskehandel og hallikverksemd .....	15
4. Truslar mot helse og personlege integritet .....	16
4.1 Partnervald .....	17
4.2 Valdtekt.....	17
4.3 Vaksne som nyttar yrke eller verv som handlingsrom for å gjera seksuelle overgrep.....	18
5. Truslar mot digital sikkerheit .....	19
5.1 Digital seksuell utpressing- sextortion .....	20
5.2 Barn og unge som sel eigenprodusert seksualisert materiale.....	21
5.3 Deling av seksualisert eller valdeleg materiale.....	21
5.4 KI- genererte seksualiserte bilete .....	22
5.5 Digitale bedrageri .....	22
6. Truslar mot naturressursar og økonomiske verdiar.....	24
6.1 Miljø- og dyrekriminalitet.....	25
6.2 Arbeidslivskriminalitet .....	25
6.3 Fiskeri og havbruk.....	25
6.4 Profesjonelle tilretteleggjarar av økonomisk kriminalitet.....	26

## Forord

Vest politidistrikt er for dei aller fleste ein trygg stad å bu. Det offentlege rom pregast av ro og orden og dei fleste innbyggjarane er lovlydige. Samstundes må vi ikkje vere naive. Vi veit at Vest politidistrikt har eit kriminalitetsbilete som merkast av mange.

Mykje av kriminaliteten går føre seg i det skjulte. Innan fleire av dei alvorlegaste kriminalitetstruslane er det mørketal. Statstikken over meldte saker til politiet gir ikkje eit dekkande bilete av kriminaliteten. Kvart år utarbeider vi difor en trusselvurdering over dei truslane vi meiner er viktigast no og framover. Men vi veit at politiet løyser ikkje alt åleine. For første gong har Vest politidistrikt difor utarbeidd ein offentleg versjon av vår lokale trusselvurdering.

Med dette vil vi dele vårt situasjonsbilete. Føremålet med denne delinga er å fremje meir dialog om dei mest alvorlege kriminalitetstruslane og sette innbyggjarane i stand til å ta gode val. Vi har difor tatt med viktig informasjon, eksempel og råd til innbyggjarane som vi håper våre lesarar og media finn nytte i.

Ein særskilt bekymring i år, og som eg veit mange delar med meg, er kombinasjonen av auka ungdomskriminalitet med auka aktivitet hos kriminelle nettverk i Noreg og på Vestlandet. Vi har eksempel på at ungdom blir brukt aktivt i alvorleg, organisert kriminalitet. Vi er også spesielt bekymra for at vi ikkje har god nok oversikt over kriminalitetstruslane rundt havbruksnæringa på Vestlandet – som forvaltar store samfunnsverdiar og ei rekke arbeidsplassar.

Med bakgrunn mellom anna i politiets trusselvurderingar er det særskilt tre område vi jobbar med å styrke framover; arbeidet mot kriminelle nettverk, ungdomskriminalitet og arbeidet mot vald og overgrep. I tillegg vil vi satse ekstra på arbeidet med digitale bedrageri og cyberkriminalitet, eit område vi veit mange innbyggjarar er uroa for.

Politiet er avhengig av eit nært samarbeid med andre for å kunne forstå og vurdere kva kriminalitetstruslar vi står ovanfor og kven av desse som bør gis særskilt merksemd. Eg ønskjer difor å takke alle som har gitt tips til politiet, eller som på anna vis har bidratt med analyser av kriminalitet og faglege innspel. Dette ønskjer vi meir av.



November 2024

Politimeister  
Kaare Songstad

## Samandrag

Dei siste åra har politiet observert ein auke av kriminalitet i Vestland, både gjennom saksmengd<sup>1</sup> og andre kjelder til innsikt i kriminalitetsutviklinga.

Den sikkerheitspolitiske situasjonen har aktualisert truslane framande statar utgjør, ved å drive etterretning eller forsøk på å påverke samfunnet vårt.


Samstundes har profittmotivert kriminalitet som kan knytast til organiserte nettverk auka. I kjølvatnet skjer ofte alvorleg valdskriminalitet. Nokre av nettverka har sterke internasjonale koplingar.

Digitaliseringa av samfunnet har gjort nye former for kriminalitet mogleg. Politiet har observert ein kraftig auke av økonomisk bedrageri og utpressing over digitale plattformer.

Ulike former for økonomisk kriminalitet og miljøkriminalitet kan ha stort profittpotensial. Slik kriminalitet tiltrekkjer seg sjeldan mykje merksemd, trass i at den rokkar ved grunnsteinane til det norske samfunnet. I Vestland er økonomisk kriminalitet innanfor dei svært lønsame fiskeri- og havbruksnæringane, særleg aktuelt.

---

<sup>1</sup> Omtale av resultat- 2023. Vest politidistrikt



## 1. Drivkrefter for kriminalitet

Kriminalitetsutviklinga påverkar, og vert påverka av samfunnsutviklinga. I dette kapittelet trekker vi fram utvalde trekk ved samfunnsutviklinga som kan virke fremjande for kriminalitetsutviklinga i Vestland.

## 1.1 Sikkerheitspolitiske endringar

Det siste året har den globale situasjonen forverra seg. Russland sin angrepskrig mot Ukraina er inne i sitt tredje år, og det har brote ut ny krig i Midtausten.

Globale konfliktliner reflekterast i skjerpa konflikter mellom politiske grupper også lokalt. I Vestland har det kome til uttrykk ved ordensforstyringar og skadeverk retta mot grupper med interesse i konfliktane internasjonalt. Konfliktane har også aktualisert Vestland som mål for utanlandsk etterretning. Den strategiske betydninga av Vestland, mellom anna som energiprodusent og lokasjon for ein marinebase med betydeleg NATO-aktivitet, er blitt understreka.

## 1.2 Kostnadsauke for innbyggjarar og næringsliv

Dei siste par åra har pris- og rentenivået stige og fleire innbyggjarar melder om økonomiske vanskar<sup>2</sup>.

Dei færraste som opplever økonomiske vanskar vil utføre kriminalitet som følgje av det. Men når vanskaner fell saman med andre sårbarheitsfaktorer kan det samla kriminalitetsbiletet påverkast.

## 1.3 Auka innvandring

Innvandringa til Vestland er høgare enn på mange år, mest som følgje av den kollektive beskyttelsen Ukrainarar er gitt etter krigsutbrotet.

Eit mindretal av innvandrarar utfører eller blir utsett for kriminalitet. Integreringsutfordringar saman med sårbarheiter som traumer og økonomiske vanskar, kan likevel medverke til gruppas overrepresentasjon både som gjerningspersonar og offer for kriminalitet.

## 1.4 Rusmidlar og psykisk uhelse

Bruksmønsteret for rusmidlar er noko endra dei siste åra. Særleg er det verdt å merke seg auka bruk av kokain, då dette rusmiddel reknast for å ha særleg store sosiale konsekvensar<sup>3</sup>. Endringar i narkotikamarknaden kan komme til å påverke kva aktørar og nettverk som er verksame, samt styrkeforholdet dei imellom.

Psykisk uhelse, i nokre tilfelle i kombinasjon med rus har dei siste åra blitt aktualisert som ein kriminalitetsdriver. Politiet i Vestland har årleg om lag 4000 oppdrag utløyst av personar med symptom på psykiske lidningar. Hendingane omfattar et breitt spekter av kriminalitet, som ordensforstyringar, tjuveri, risikabel køyring, vald, seksuallovbrot og politisk ekstremisme.

## 1.5 Teknologisk utvikling

Ordet *KI-generert* blei kåra til årets nyord for 2023 og understrekar at fjoråret markerer eit skilje for når verktøy med kunstig intelligens (KI) blei gjort alminneleg tilgjengeleg. Teknologien har alt gjort seg gjeldande innan fleire typar kriminalitet, og moglegheitene er uante.

Mellom anna kan den nyttast til å produsere bilete, film eller lyd som førestiller personar som ikkje reelt er deltakande i det som presenterast. Ved digital kontakt kan ein utgje seg for å vere nokon andre, samstundes som språkbarrierane er senka. Sårbarheita for å bli utsett for kriminalitet gjort frå utlandet, er slik blitt større. I Vestland har vi sett kunstig-intelligens brukt innan digitale bedrageri og i seksuallovbrotssaker.

Elles gjer utviklinga innan ende-til-ende krypterte kommunikasjonsplattformer det lettare å kommunisere anonymt. Moglegheitene nyttast mellom anna i profitt-motiverte kriminelle nettverk og til deling av overgrepsmateriale.

<sup>2</sup> SSB- Levekårsundersøkelsen. Tabell 13642

<sup>3</sup> [Føre var-KORUS-rapport 2023](#)



## 2. Truslar mot demokratiske verdier

Noreg bygger på demokratiske verdier og kjem godt ut i internasjonale rangeringar av demokratiske tilhøve<sup>4</sup>. Aktørar som opererer på egne vegne, eller på vegne av andre statar kan ha interesse av å svekke demokratiet i Noreg.

---

<sup>4</sup> [Freedom house- Freedom map](#)



## 2.1 Utanlandsk etterretningsverksemd i Vestland

Noreg og Nato-allierte sitt forhold til andre geopolitiske aktørar har kjølna og aktualisert etterretningstrusselen<sup>5</sup>. Produksjon av elektrisitet, gass og olje, samt plasseringa av marinebasen Haakonssvern, gjer Vestland strategisk viktig og særleg aktuelt som mål.

Fleire personar med tilknytning til ikkje-allierte statar er mistenkt for å ha fotografert eller flydd drone i nærleiken av etterretningsmål i Vestland.

Russiske skip sitt seglingsmønster langs norske kysten gir grunnlag for å følgje ekstra nøye med. Skipa har mellom anna opphalde seg ved flyplassar, djupvasskaier, bruer og anna viktig infrastruktur. Dei har også søkt nødhamn i område som nyttast til militær øving. Også kinesiske skip kan ha blitt nytta til etterretningsformål. I Vestland har industrihamner ved aluminiumsverka i Kvinnherad, Årdal og Høyanger, samt oljeraffineriet på Mongstad i Alver hatt anløp av kinesiske skip.

## 2.2 Etterretningsverksemd mot industri- og teknologimiljø

Etterretningsverksemd mot strategisk viktig teknologi og industri utgjør vesentlege truslar mot Noreg<sup>6</sup>. I Vestland har vi verksemd og næringsmiljø som er naturlege etterretningsmål i eigenskap av å vere leiande innanfor mellom anna subseateknologi, skipsfart og energi. Strategiske investeringar, datainnbrot, eller forsøk på rekruttering av tilsette til industrispionasje kan være aktuelle metodar for å innhente informasjon frå desse miljøa.

## 2.3 Samansette verkemiddel

Ved sidan av innhenting av informasjon kan utanlandske aktørar ha interesse av å påverke vårt samfunn med meir aktive handlingar. Dei siste åra er det i USA og fleire europeiske land avdekka at framande statar har stått bak åtak ved bruk av ikkje-militære-, eller såkalla *samansette* verkemiddel.

Det ligg i fenomenets natur at alle tenkelege ikkje-militære måtar å råke eit samfunn på kan nyttast som del av ein samansett verkemiddelbruk. Dei identifiserte tilfella internasjonalt har teke form av sabotasje på infrastruktur, politiske påverknadsaksjonar, datainnbrot eller oppkjøp av strategisk viktige verksemdar.

Det einskilde verkemiddel kan isolert sett ha små konsekvensar, og sjå ut som ulukker eller simpelt skadeverk. Politiet er likevel avhengig av å bli gjort kjend med einskildhendingane, for å kunne identifisere om dei er del av ein samansett verkemiddelbruk.

### Vurdering

Det vurderast som **mogleg** (40 til 60%) at statlege aktørar eller proxy-aktørar\* vil gjennomføre eller forsøke å gjennomføre handlingar som einskildvis ikkje vil verke alvorleg, men som kan ha alvorlege sikkerheitspolitiske konsekvensar sett i en større samanheng.



### Tips politiet om mistenkeleg aktivitet

Å identifisere etterretningsverksemd eller bruk av samansette truslar krev at politiet blir kjend med hendingar som kan virke mistenkelege eller avviker frå normalsituasjonen. Aktuelle døme er fotografering eller droneflyging i nærleiken av infrastruktur, ulukker eller skadeverk som rårar infrastruktur eller funksjonar med særleg verdi for sivilsamfunnet. Det kan også være vald, truslar eller trakassering av politikarar eller andre myndigheitspersonar.

<sup>5</sup> PST trekker fram Russland, Kina, Nord-Kora og Iran som dei mest aktuelle med omsyn til etterretningsverksemd i Noreg.

<sup>6</sup> [Fokus 2024- Etterretningstjenestens vurdering av aktuelle sikkerhetsutfordringer](#)

\* Ein aktør som opptre som stedfortreder på vegne av ein framand stat.

## 2.4 Hatytringar, radikalisering og truslar om terror

Dei tre terroråttaka som har skjedd i Noreg er gjort av einslege aktørar mot mjuke mål. Ifølgje PST er det sannsynleg at framtidige terroråttak vil skje på tilsvarende måte, gjerne ved hjelp av lett tilgjengelege midlar som stikkvåpen eller køyretøy.

Politiet kjenner til personar i Vestland som er radikalisererte, eller i ferd med å bli det. Det vil sei at dei har utvist aksept for, eller vilje til å delta i valdshandlingar for å nå politiske, religiøse eller ideologiske mål<sup>7</sup>. Nokon har ytra truslar om hendingar med potensielt stort skadeomfang. Det er også fleire tilfelle av at personar frå ulike minoritetsmiljø har motteke ytringar dei oppfattar som hatefulle.

I vår aksjonerte PST i Vestland mot ungdommar, heilt ned i 13 års alder, med høgreekstreme sympatiar. Ungdommane har blitt radikaliserert på nett og danna grupper på krypterte kommunikasjonsplattformer der propaganda og valdsfilmar vert delt.

Du kan lese meir om etterretning, samansette truslar og ekstremisme i Nasjonal sikkerheitsmyndigheit sin trusselvurdering [Risiko 2024](#) og i PST sin [Nasjonale trusselvurdering for 2024](#)

### Vurdering

Det vurderast som **sannsynleg** (60 til 90%) at truslar om masseskadeåttak mot samfunn og infrastruktur vil vedvare.

Det vurderast vidare som mogleg (40 til 60%) at aktørar busett i Vestland vil planlegge og i yttarste konsekvens utføre eller forsøke å utføre masseskadeåttak.

---

<sup>7</sup> PST- Nasjonal trusselvurdering 2024



## Er du bekymra for at nokon du kjenner kan være i ein radikaliseringsprosess?

- Ta kontakt med radikaliseringskontakten i Vest politidistrikt for å drøfte bekymringa di anonymt. Sjå kontaklinformasjon til Vest politidistrikt på [politiet.no](https://politiet.no) eller ta kontakt med Nettpatroljen på [Facebook](https://www.facebook.com/politiet.no) eller [Instagram](https://www.instagram.com/politiet.no).
- Tips Politiets sikkerhetsteneste- PST, på deira [nettside](https://www.pst.no)
- Send tips til [politiet](https://politiet.no) om bekymring for radikalisering samt for hatefulle ytringer publisert eller delt på internett.
- Rådfør deg med RVTs Vest. Ressurssenter om vald, traumatisk stress og sjølvmoordsforebygging. Dei har utvikla [utveier.no](https://www.utveier.no) for alle som søker kunnskap om førebygging av utanforskap og handtering av radikalisering og valdeleg ekstremisme.



## Indikatorar på at ein person er i ein radikaliseringsprosess:

### Ytringar

- Intoleranse for andre synspunkt
- Fiendebilete – oss, vi og dei
- Konspirasjonsteoriar
- Hatretorikk
- Sympati for absolutte løysingar, som avskaffing av demokrati
- Legitimerer vald
- Truslar om vald for å nå politiske mål

### Interesser/utsjånad/symbolbruk

- Appellerer til og søker etter ekstremistisk materiale på nett
- Endrar utsjånad, klesdrakt m.m.
- Nyttar symbol knytt til ekstremistiske ideal og organisasjonar
- Sluttar på skulen eller med fritidsaktivitetar m.m.

### Aktivitetar

- Opptatt av ekstremisme på internett og i sosiale media
- Deltak på demonstrasjonar eller i samanstøyt med andre grupper
- Brukar truslar og vald som følge av ekstremisme
- Hatkriminalitet
- Reiseverksemd som kan føre til økt radikalisering og kontakt med ekstremistar

### Vener og sosiale nettverk

- Endrar nettverk og omgangskrins
- Er saman med personar og grupper kjent for valdeleg ekstremisme
- Er saman med grupper der truslar, vald eller anna kriminell verksemd vert utøvd
- Er medlem i ekstremistiske grupper, nettverk og organisasjonar



### 3. Truslar mot trygge lokalsamfunn

Innbyggjarane i Vestland har høg tillit til kvarandre og lever i lokalsamfunn dei opplever som trygge<sup>8</sup>. Organiserte kriminelle grupper som får fotfeste og driv synleg kriminalitet er kanskje den viktigaste trusselen mot våre tryggleiks- og tillitssamfunn.

<sup>8</sup> På spørsmål om i kva grad (skala frå 0-10) ein meiner "Folk flest er til å stole på" svara innbyggjarane i Vestland i gjennomsnitt 7. På spørsmål om ein "kjenner seg trygg i nærmiljøet" svara innbyggjarane i gjennomsnitt 8,9. Kjelde: Folkehelseundersøkinga i Vestland 2022. Folkehelseinstituttet.

I Vestland har vi nettverk som driv narkotikaomsetjing, menneskehandel, tjuveri og bedrageri. Grupperingane spenner frå ungdomsmiljø som hovudsakleg gjer simpel kriminalitet i sine nærmiljø, til profesjonelle grupper som driv alvorleg kriminalitet gjennom internasjonale forbindelsar.

I løpet av det siste året har det skjedd fleire alvorlege valds- og trusselhendingar i samband med konflikter i og mellom organiserte grupperingar. Mellom anna har det vore fleire fridomskenkingar som del av pengeinnkrevjing. Politiet er også kjent med at familiemedlemmer av personar i kriminelle miljø har blitt trua.

### 3.1 Kriminelle nettverk med internasjonale knytingar

Det er fleire nettverk med knytingar til utlandet som driv kriminalitet i Vestland. Særleg har kriminelle med bakgrunn frå Sverige flytta til Vestland og fått innverknad over narkotikamarknaden her. Enkelte har koplingar til kjende nettverk i Sverige.

Personar i nettverka har rana og utøvd grov vald og truslar i samband med innkrevjing av pengar. I nokre tilfelle har dei trua med skytevåpen. Dei er også nytta til innkrevingsoppdrag på vegne av andre kriminelle.

Ungdom i Vestland er blitt rekruttert til nettverket og brukt til å ta seg av transport, oppbevaring og sal av narkotika. Politiet er kjend med at ungdommane vidare har rekruttert yngre ungdommar til vidaresal av narkotika.

#### Vurdering

Det er **sannsynleg** (60 til 90%) at nettverk med internasjonale knytingar vil auke si innflyting over narkotikaomsetjinga, samt auke si valdsutøving i det kriminelle miljøet i politidistriktet.

### 3.2 Tre internasjonale ein-prosent motorsykelklubbar etablert i Vestland

Såkalla ein-prosent motorsykelklubbar definerer seg sjølv som lovause<sup>9</sup> og har medlemmar som er straffedømte for mellom anna vald, innkrevjingsverksemd og narkotika-kriminalitet. Globalt omfattar ein-prosentmiljøet eit fåtal godt kjende internasjonale klubbar, samt ei rekkje lokale støtteklubbar.

I Vestland har fleire ein-prosent MC-klubbar vore etablert over lenger tid, men Hells Angels har inntil nyleg vore den einaste av dei store internasjonale klubbane.

Dette er endra det siste halvanna året. Eit chapter<sup>10</sup> av Outlaws er etablert i Bergen av medlemmar med knytingar til utlandet. I tillegg er det etablert to prøve-chapter<sup>11</sup> av Bandidos i Bergen. Klubbmedlemmane gjer seg svært synlege og gjenkjennelege i gatebiletet ved bruk av klede med merke (såkalla patches eller colors) som syner klubbtilhøyrslø og rang innanfor klubben.

Både internasjonalt og i Noreg har Hells Angels, Bandidos og Outlaws ei historie med valdeleg konflikt seg imellom<sup>12</sup>. Då Hells Angels organiserte sine støtteklubbar i den såkalla Norgesmodellen, var det nettopp for å demme opp for konkurrerande klubbar som Bandidos og Outlaws.

#### Vurdering

Det er **sannsynleg** (60 til 90%) at nettverk med internasjonale knytingar har tilgang til skarpe skytevåpen. Ein **mogleg** (40 til 60%) konsekvens kan vere at skytehendingar vil skje.

<sup>9</sup> Nemninga *ein-prosent* har opphav i ein angiveleg ytring frå den amerikanske motorsykelorganisasjonen om at 99 prosent av motorsyklistane er lovlydige. Den siste ikkje- lovlydige prosenten har omfanna omgrepet og ei rekkje MC- klubbar definerer seg sjølv som 1-prosent klubbar.

<sup>10</sup> Chapter- omgrepet blir nytta om sjølvstendige klubbeiningar underordna paraplyorganisasjonane til dei internasjonale klubbane.

<sup>11</sup> Prøve-chapter kallast vanlegvis prospect-chapter

<sup>12</sup> I Noreg var konflikten mellom ein-prosent MC-klubbar svært tilspissa på 90-talet. Dei siste åra har forholdet vore mindre valdeleg i Noreg, men i Danmark har konfliktnivået auka dei siste åra og eit Hells Angels klubblokale i København blei i 2023 utsett for eit bombeattentat.

### 3.3 Kriminelle ungdomsmiljø

Etter fleire år med stabilitet har ungdomskriminaliteten i Vestland auka dei siste åra<sup>13</sup>. Fleire ungdommar er blitt sikta for sitt fyrste lovbrøt, samstundes som nokre gjengangarar står bak svært mange forhold. Samanlikna med tidlegare år er det særleg ungdommar under 15 år som har gjort fleire lovbrøt det siste året. Samstundes er det under ein prosent av ungdommar busett i Vestland som blei sikta for lovbrøt i 2023<sup>14</sup>. Dei fleste, og særleg dei yngste, gjorde simple tjuveri frå matbutikkar.

Ungdomskriminaliteten, og særleg den alvorlege, har eit avgrensa omfang. Innanfor ei gruppe ungdommar med samansette utfordringar har vi likevel sett ei uønskt utvikling med truslar, vald og ran. I mange tilfelle skjer hendingane mellom ungdommar som kjenner kvarandre og gjerne har varige konflikter seg imellom. Nokre væpnar seg med kniv, og kniv er nytta i fleire alvorlege valdshendingar det siste året.

Erfaring syner at meir etablerte kriminelle har interesse av å rekruttere ungdom til kriminelt arbeid, og at dei særleg rettar seg mot sårbar ungdom som har vist seg villige til å gjere alvorleg kriminalitet.

#### Vurdering

Det er **sannsynleg** (60 til 90%) at kriminelle nettverk vil målrette rekruttering av sårbare mindreårige, som kan være tilbøyeleg til å utføre alvorleg kriminalitet.



#### Råd til foreldre og andre føresette

- Når ungdom står i situasjonar som kjennes umoglege å komme seg ut av skuldast det ofte at dei har gjort noko dei angrar på eller skammar seg over. Foreldre som tryggjar og støttar er då dei viktigaste støttespelarane. Politiet kan spørjast til råds når ungdom har utført eller blitt utsett for kriminalitet. Ta kontakt med din lokale [politistasjon](#) eller Politiets nettpatrulje Vest på [Facebook](#) eller [Instagram](#).
- Ungdommar som er i konflikt med kvarandre kan få rådgjeving eller mekling hjå [Konfliktrådet](#).
- Innsyn i barnas kontotransaksjonar kan gjere foreldre kjent med bekymringsverdige forhold som rusbruk, kjøp og salg av seksualisert materiale, eller utpressing. Politiet oppfordrar til å vere merksam på transaksjonar frå barnas bankkontoar der motparten er ukjend.
- Når ungdom gjer straffbare handlingar er dei ikkje alltid klar over at det dei gjer er straffbart. Truslar, altså verbale eller digitale ytringar som viser intensjon om vald, er døme på ei slik handling. Å be mindreårige om seksualiserte bilete, sjølv om ein er mindreårig sjølv, er eit anna.

<sup>13</sup> Politiets saksmengd viser ein auke på 46 prosent mellom 2021 og 2023 for alle sakstypar med gjerningsperson U18. Ungdataundersøkinga frå 2023 viser at delen ungdommar som svarar at dei anten har gjort skadeverk eller tjuveri frå butikk har auka med mellom 30 og 60% (avhengig av aldersgruppe), sidan førre undersøking i 2021.

<sup>14</sup> Alle straffbare forhold som ungdom begår blir ikkje anmeldt, og ikkje alle anmeldte forhold fører til siktelse. Det er altså mørketall. I Ungdataundersøkinga for 2023 ligg andelen som svarar at dei anten har gjort skadeverk eller tjuveri fra butikk mellom 10 og 15 prosent, avhengig av alder.

### 3.4 Mobile vinningskriminelle

Innbyggjarar og verksemdar i Vestland har over mange år vore mål for omreisande vinningskriminelle frå utlandet.

Hausten 2023 blei til dømes fleire innbyggjarar i Vestland utsett for den såkalla "Gravferdsbanden", som fekk nemninga av at dei truleg nytta dødsannonsar til å kartlegge potensielle innbrottsmål.

Innan næringslivet er bygg- og anleggsnæringa særleg utsett for slik kriminalitet, då dyrt utstyr vert oppbevart på byggeplassar utan tilsyn. Det har også vore tjuveri av dyre gjenstandar frå butikkar, samt verdifulle råvarer frå industriverksemdar.

### 3.5 Menneskehandel og hallikverksemd

Det er ikkje straffbart å prostituere seg, men det er straffbart å kjøpe seksuelle teneste og å skaffe seg økonomisk inntening ved å legge til rette for, eller utnytte, andre til prostitusjon. I tilfella der prostitusjonen ikkje er frivillig, reknast det som menneskehandel.

Dei prostituerte som opererer på Vestlandet er hovudsakleg unge, sårbare kvinner frå utlandet. I mange tilfelle er desse rekruttert av bakmenn som organiserer prostitusjonsverksemda frå utlandet. Kvinnene reiser vanlegvis åleine og oppheld seg ei kort tid i ein by før dei reiser vidare til den neste. Prostitusjonen kan skje frå leilegheiter eller overnattingsplassar som huseigar, anten uaktsamt eller med forsett, har leigd ut til dette formålet.



#### Råd mot vinningskriminelle

- Omsettelege gjenstandar av høg verdi er ettertrakta mål for mobile vinningskriminelle. Å sikre desse fysisk, eller merke dei på måtar som ikkje let seg fjerne, kan hindre tjuveri. Det er også mogleg å montere digitale sporingsbrikker (airtags).
- Annonser på Finn.no og Facebook Marketplace er blitt nytta til å identifisere mål for tjuveri. Ver merksam på at bustadadressa di kan være lett å identifisere ut frå opplysningane du gir i annonsen. Ved sal av verdifulle gjenstandar bør desse sikrast best mogleg med lås og/eller alarm.



#### Råd til utleigarar

- Korttidsutleigde leilegheiter, mellom anna formidla igjennom plattformer som Airbnb, er blitt nytta til prostitusjon og kriminell verksemd. Politiet oppfordrar til å møte leigetakar når dei kjem, for å hindre at leilegheita blir nytta av andre enn det er gitt inntrykk av gjennom digital kontakt. Å stille leilegheit til disposisjon for prostitusjon kan straffast som hallikverksemd.
- Kriminelle er interessert i å leige eigedom og bruke det til formål det ikkje er regulert som. Ver merksam på at utleigar i slike tilfelle kan bli gjort ansvarleg for dette.



## 4. Truslar mot helse og personlege integritet

Vald og seksuelle overgrep kan ha akutte konsekvensar for liv og helse til den utsette. Like viktig er dei langsiktige konsekvensane slike opplevingar kan gi i form av tapt tryggleikskjensle eller psykiske vanskar.



## 4.1 Partnervald

I Vestland har politiet over fleire år blitt kjend med eit aukande omfang av partnervaldstilfelle. Det siste året har tilfella i Vest politidistrikt dreia i retning av meir alvorlege saker, og enda med drap i tre tilfelle.

Nasjonalt rapporterer 10 prosent av kvinner i Noreg at dei er blitt utsett for alvorleg partnervald, medan 30 prosent rapporterer å ha blitt utsett for mindre alvorleg vald av partner<sup>15</sup>. Valden er i mange tilfelle gjentakande og involverer verbale truslar, psykisk vald, og fysisk vald som slag, spark, kveling og strupetak. I tillegg er det mange barn som er vitne til valden, og i nokre tilfelle sjølv vert utsett for vald.

### Vurdering

Politiet har observert ei dreiging mot meir alvorlege partnervaldsaker. Det vurderast som **sannsynleg** (60 til 90%) at alvorsgraden i partnervaldsaker vil halde fram i vurderingsperioden.

## 4.2 Valdtekt

Dei fleste som melder politiet om valdtekt har hatt ein venskapleg eller seksuell relasjon av varierende varigheit til gjerningspersonen. I mange tilfelle er partane ungdom eller unge vaksne som har vore ruspåverka ved hendingane, og har ulik oppfatning av hendinga i etterkant.



### Er du eller nokon du kjenner utsett for partnervald?

- Sjå nettsida til politiet sin kampanje [Hvor lite skal du finne deg i?](#)
- Meld frå om forholdet til [Din lokale politistasjon](#) eller kontakt Politiets nettpatrulje på [Facebook](#) eller [Instagram](#).
- Be om støtte og hjelp frå:
  - [Støttesenteret for kriminalitetsutsatte](#)
  - [Fri rettshjelp](#)
  - [Kompetanseteamet mot negativ sosial kontroll og æresrelatert vold](#)
  - [Ditt lokale krisesenter](#)

### Er du blitt kjent med tilfelle av partnervald gjennom ditt yrke?

- Her kan du lese om [opplysningsplikt og avvergingsplikten](#)



### Råd til foreldre og andre føresette

- Foreldre har ei sentral rolle i å lære barn å sette grenser.
- Nettsida [Hva er innafor](#) kan brukes som utgangspunkt for å snakke med ungdom om frivillig sex, sexpress og overgrep.

### Har du blitt utsett for overgrep?

- Då kan du få hjelp hjå [Overgrepsmottaket i Bergen](#) eller på din lokale legevakt.

<sup>15</sup> [Omfang av vold og overgrep i den norske befolkningen](#)- Dale, M. T. G., Aakvaag, H. F., Strøm, I. F., Augusti, E. M., & Skauge, A. D. (2023). Nasjonalt kunnskapssenter om vold og traumatisk stress (NKVTS).

#### 4.3 Vaksne som nyttar yrke eller verv som handlingsrom for å gjera seksuelle overgrep

Ved skular, barnehagar og fritidsaktivitetar for born vert det ved ujamne mellomrom avdekka at vaksne anten gjer fysiske overgrep, eller nyttar sin posisjon til å komme i kontakt med barn og unge digitalt. For personar som ikkje er tidlegare domfelt er handlingsrommet særleg stort. Samstundes har politiet observert at domfelte forsøker å oppsøke arenaer der barn og unge oppheld seg.



- Mistenker du at barn eller ungdom vert utsett for overgrep, eller vert "grooma"<sup>16</sup>? Tips politiet eller ta kontakt med Politiets nettpatrolje Vest på [Facebook](#) eller [Instagram](#).
- Politiattest skal leggjast fram ved tilsetjing eller engasjement i frivillige i verv som inneber kontakt med barn. Det inkluderer idrettslag, kulturskuleopplæring og andre fritidsaktivitetar<sup>17</sup>. Framlegging bør gjentakast jamt i løpet av engasjementet eller arbeidsforholdet.

<sup>16</sup> Nemninga "grooming"- viser til at overgripaparar skaffar seg handlingsrom for å begå overgrep ved å manipulere og skape tillit hjå sitt offer.

<sup>17</sup> [Politiregisterloven, politiregisterforskriften](#)



## 5. Truslar mot digital sikkerheit

Digital aktivitet, anten det er konsum av nyhende, sosial kontakt gjennom sosiale medier, eller handel over nett, er ein naturleg del av våre liv. Det eksponerer oss for nye typar truslar.

## 5.1 Digital seksuell utpressing- sextortion

Politiet, blant anna ved Nettpatruljen til Vest politidistrikt, har ofte kontakt med innbyggjarar utsett for utpressing etter å ha delt eigenprodusert seksualisert materiale. Dei fleste er unge menn som har blitt lurt til å tru at dei snakkar med jamaldrande kvinner på sosiale media eller dating-appar. Motparten brukar bileta som grunnlag for å presse til seg anten pengar eller meir og gjerne grovare seksualisert materiale. Trusselen er at bileta blir delt til venner eller familie dersom ein ikkje etterlever krava. Kontaktinformasjon til vener og familie har utpressaren funne på dei sosiale medier (SoMe) kontoane til offeret.

### Vurdering

Utviklinga av teknologi gjer det enklare å begå sextortion utan å avsløre sin identitet. Det vurderast som **sannsynleg** (60 til 90%) at tal på offer for denne typen kriminalitet vil auke.



### Har du blitt utsett for sextortion?

- Bryt kontakten med utpressaren, men forsøk å sikre samtalelogg og anna informasjon.
- Ikkje betal pengekrav.
- Ta kontakt med politiet. Du finn oss også på [Facebook](#) og [Instagram](#).
- Oppdagar du at materialet er spreidd, rapporter til plattformen det er delt på og meld til politiet.
- Ha eit medvite forhold til kva du legg ut i sosiale media.

På nettsida [Stop Non-Consensual Intimate Image Abuse](#) kan du registrere bilete som har hamna på avvege. Bileta får då eit digitalt "fingeravtrykk" som nyttast til å fjerne biletet frå ei rekkje nettsider og SoMe-plattformer.



I fjor kontakta foreldra til ein ung gut i Vestland sin lokale politistasjon og fortalte at sonen var blitt pressa for pengar. Sonen hadde blitt kontakta av nokon som gav seg ut for å vere ei jamaldrande jente på Instagram. Dei flørta og "jenta" la til guten på Snapchat, der ho etterkvart foreslo at dei skulle utveksle intime bilete. Guten fekk tilsendt nakenbilete, og delte tilsvarende attende.

Etterkvart byrja "jenta" å true med å sende bileta av guten til hans kontaktar på Instagram. Vilkåret ho sette for å ikkje sende bileta var at guten måtte betale fleire tusen kroner via PayPal. Ho delte ein skjermdump av kontaktlista hans på Instagram, for å vise kven ho potensielt kunne sende bileta til.

På Snapchat får ein varsel dersom den ein snakkar med tek skjermdump av bilete ein deler. Men "jenta" nytta ein annan telefon til å ta bilete av skjermen der Snapchatsamtalen føregjekk. Guten fekk derfor ikkje noko slikt varsel.

I redsel for at "jenta" skulle realisere sine truslar tok guten pengar frå foreldra sin konto og betalte jenta, og slik oppdaga foreldra kva som hadde skjedd.

Foreldra utrykte si fortviling slik: "Dette handlar ikkje fyrst og fremst om pengeutpressinga. Dette handlar mest om dei menneskelege konsekvensane. Natta har blitt brukt til å lese om sextortion, og vi ser at slike saker ikkje sjeldan endar med sjølv-mord. Det syner kor enormt belastande dette er, og derfor langt meir alvorleg enn nokre tusen kroner."

Det lot seg ikkje gjere å identifisere gjerningspersonen i denne saken, men spora peikar mot utlandet. Politiet er kjent med at fleire unge menn, også i Vestland er svindla av det som truleg er same Instagrambrukar.

## 5.2 Barn og unge som sel eigenprodusert seksualisert materiale

Dei siste åra har det blant ungdom blitt meir utbreitt å selje seksualisert bilete av seg sjølv, sjølv om det berre er eit lite mindretal av alle ungdommar som gjer det.

Politiet har erfart at slike sal kan leie til digitale overgrepss- eller sextorting-hendingar. Etter å ha seld eit relativt uskuldig fyrste bilete krev kjøpar gjerne grovare materiale, ved å true den unge seljaren på tilsvarande måte som skildra over.



### Dette seier lova

- Å dele bilete og film av personar som ikkje har samtykka til det er straffbart, sjølv om innhaldet ikkje er seksualisert<sup>18</sup>.
- Politiet har ikkje moglegheit til å fjerne innhald som ligg på internett, men politiets nettpatroljar kan gi råd og rettleiing i denne typen saker.
- Det er ulovleg etter norsk lov å lage, vidareformidle og lagre KI-genererte framstillingar som seksualiserer barn.
- Ved ulovleg deling av seksualiserte bilete kan politiet inndra mobiltelefon, sjølv når gjerningsperson er mindreårig.

## 5.3 Deling av seksualisert eller valdeleg materiale

Gjennom såkalla "exposed"-kontoar på sosiale media vert ungdom hengt ut og trakassert. Kontoane har gjerne einskilde skular eller område som målgruppe og deler opent bilete og filmar, gjerne med valdeleg eller seksualisert innhald.



### Råd til ungdom

- Ikkje godta følge- eller venneførespurnadar frå framande.
- Hald profilar og venelistar privat.
- Ver medviten om at det du deler til nokre få, kan bli delt vidare til mange.
- Bilete du deler kan bli nytta til produksjon av KI-generert seksualisert materiale, og delt.
- Fleire råd om deling av bilete finn du på nettsida [delbart.no](https://delbart.no).
- Les meir om korleis du kan bevare eigen sikkerheit på sosiale media på [Barnevakten.no](https://barnevakten.no).

<sup>18</sup> [Åndsverkloven §104](#)- Fotografi av enkeltpersonar kan som hovedregel ikkje delast utan samtykke.

[Straffeloven §267a](#)

## 5.4 KI- genererte seksualiserte bilete

I løpet av det siste året har det dukka opp ulike web-tenester og appar som ved hjelp av kunstig intelligens gjer det enkelt å nytte ikkje-seksualiserte bilete, til dømes henta frå opne kontoar på sosiale medier, som grunnlag for å produsere seksualiserte bilete eller filmar. I Vestland har politiet fått kjennskap til at unge jenter er blitt hengt ut ved at seksualiserte filmar der det framstår som at dei opptrer, er blitt delt på sosiale medier.

### Vurdering

De er **svært sannsynleg** (>90%) at den auka tilgjengelegheita av KI-verktøy vil føre til auke av seksuallovbrot på nett. KI-verktøy vil bli brukt til manipulering og spreiging av nakenbilete, samt til sextortion og generering av syntetisk overgreps-materiale.

## 5.5 Digitale bedrageri

Økonomiske bedrageri skjedd via digitale kommunikasjonsplattformer er blant sakstypene som aukar aller mest i Vestland. Bedrageria skjer på ulike måtar.

Dei vanlegaste variantane er ved såkalla phishing, smishing eller vishing<sup>19</sup> der offera blir lurt til å gi frå seg person- og bankopplysningar over telefon, sms, e-post eller anna digital kontakt. Gjerningspersonane gir seg gjerne ut for å representere verksemder eller offentleg etatar med tillit i befolkninga, som til dømes politiet, posten, bankar og forsikringsselskap. Ofte gis det ein grunn for at det hastar med å melde opplysningane tilbake, slik at offera blir sett under press. I nokre tilfelle kjem telefonoppringingane frå spoofa telefonnummer, altså nummer som tilsynelatande tilhøyrar verksemda dei gir seg ut for å representere.

Ein annan variant er investeringsbedrageri, der offera vert lurt til å tru at dei investerer i finansobjekt som gir høg avkastning, til dømes kryptovaluta. Tilsynelatande gir investeringa umiddelbar gevinst og ein oppfordrast til å investere meir etter kvart som avkastninga aukar. I realiteten blir pengane ført ut av landet.

<sup>19</sup> Nemningane viser til ulike metodar for å "fiske" etter person- og bankopplysningar. Phishing nyttast vanlegvis om kontakt gjennom epost.

Ein tredje variant av digital bedrageri skjer i samband med kjøp og sal på digitale marknadsplassar som Facebook marketplace eller Finn.no. Slike skjer anten ved at seljaren ikkje sender vara som kjøparen har førehandsbetalt for, eller omvendt, at kjøparen ikkje betalar for mottoken vare.

Aktørane som står bak digitale bedrageri spenner ifrå enkeltpersonar som svindlar for mindre summer, til profesjonelle aktørar i inn- og utland som driv bedrageri som del av multikriminell verksemd.



Ein mann tok kontakt med Vest politidistrikt etter å ha blitt utsett for investeringsbedrageri. Mannen hadde fatta interesse for ei nettannonse der ein kjent artist fortalte om investeringar som hadde gitt stor vinst.

Annonse leia til kontakt med tillitsvekkande rådgjevarar som overtydde mannen om at investeringane ville gi høg avkastning. Ved å opprette Bitcoin-kontoar på ei nettbasert plattform skulle desse rådgjevarane investere mannen sine pengar. Ved å logge seg inn på plattformen kunne mannen følge avkastningas utvikling.

Investeringane blei gjort i fleire omgangar, motivert av at rådgjevarane presenterte truverdige forklaringar på kvifor det var gunstig å investere vidare på gitte tidspunkt.

Etter kvart stilna responsen frå investeringsrådgjevarane. Då hadde mannen overført om lag 15 millionar kroner

Vishing viser til Voice-phishing, altså stemmebasert fising over telefon, medan smishing nyttast om fising via sms.



## Råd mot bedrageri på nett

- Ingenting hastar så mye som det framstår. Stopp, tenk, sjekk!
- Banken vil aldri be deg overføre pengar til ein såkalla «sikker» konto
- Logg aldri inn med BankID via lenke i SMS
- Banken og politiet ber deg aldri gi ut BankID-passord, koder, brukarnamn eller anna innloggingsinformasjon over telefon
- Framstår eit tilbod for godt til å vere sant, er det ofte svindel
- Aldri invester pengar via lenker på e-post, Facebook eller andre sosiale medier
- Gjer kontoane dine sikrare med totrinns-autentisering under innlogging

Råda ovanfor er henta frå [Svindel.no](https://www.svindel.no). Der finn du meir informasjon om korleis du best sikrar deg mot ulike typar svindel.



## 6. Truslar mot naturressursar og økonomiske verdier

Vestland har rike førekomstar av naturressursane som er sentrale for Noregs økonomi. Likeeins er ein velfungerande marknadsøkonomi, der aktørar konkurrerer på like vilkår, eit fellesgode som er avhengig av deltakarar som følgjer spelereglane. Overutnytting av naturressursar, forureining, økonomisk kriminalitet eller arbeidslivskriminalitet truar desse verdiane.



## 6.1 Miljø- og dyrekriminalitet

Både privatpersonar, offentlege etatar og private verksemdar bryt miljø- og dyrevelferdslover, men omfanget er truleg mykje større enn det politiet vert kjende med.

Politiet får jamt informasjon om ulovleg garnfiske, og nokre tilfelle av ulovleg jakt i Vestland. Motivet er både privat konsum og sal. Det er også jamleg rapportert om ulovleg motorferdsel i utmark, særleg med snøscooter. Elles får politiet ein del tips om vanskjøtsel eller mishandling av kjæledyr.

Innanfor næringslivet er miljøkriminaliteten gjerne økonomisk motivert. Til dømes gir ulovleg avfallshandtering økonomisk vinst som vrir konkurransen i disfavour av aktørar som driv lovleg. Å smugle farleg avfall til land med svakare miljøreguleringar er ein aktuell metode for dette.

## 6.2 Arbeidslivskriminalitet

Arbeidslivskriminalitet er handlingar som bryt med norske lover om løns- og arbeidsforhold, og som utnyttar arbeidstakarar eller verker konkurransevridande. Slik kriminalitet er mest utbreidd i næringar med stort behov for arbeidskraft, og særleg der krava til formell kompetanse er låg. Transport, reinhald, handverkstenester, landbruk og fiskeforedling er næringar som går igjen i politiet sin informasjon om arbeidslivskriminalitet i Vestland. Sosial dumping, svart arbeid eller lønnsjuveri<sup>20</sup>, der arbeidsgivar ugrunna berikar seg på kostnad av sine arbeidstakarar, er dei mest aktuelle typane arbeidslivskriminalitet.

Store utbyggingsprosjekt, gjerne i offentlig regi, kan være aktuelle mål for verksemdar som driv arbeidslivs-



Som kjøpar av varer eller tenester frå verksemdar som driv utan å betale meirverdiavgift eller skatt, risikerer du å bli straffa for medverknad til skattesvik.

<sup>20</sup> Lønnsjuveri blei innført i straffelova i 2022. §§ 395 og 396 handlar om å "misligholde plikt til å yte lønn, feriepengar eller annen godtgjørelse som arbeidstaker har rett til etter avtale eller bestemmelse..."

kriminalitet. Storleiken på prosjekta gir potensial for høg økonomisk vinst, samstundes som kompleksiteten med mange verksemdar og underleverandørar skapar handlingsrom for kriminaliteten.

## 6.3 Fiskeri og havbruk

Fiskeri og havbruk er, med unntak av petroleumsnæringa, dei største eksportnæringane i Noreg, og Vestland er blant områda med størst aktivitet.

Den høge omsetjinga gjer skatteunndraging og miljøkriminalitet potensielt svært lønsamt. Handlingsrommet er stort då myndigheitenes tilsyn i stor grad baserer seg på verksemdenes eigne rapporteringar. For fangst av villfisk gir det rom for større ressursuttak enn fiskerikvotane tillèt, noko som i ytterste konsekvens trugar fiskebestandanes eksistens. Innan havbruk gir det rom for å ha meir fisk i merdene enn tillate, noko som gir høgare belastning på økosystemet gjennom utslepp av fôr og fiskeekskrement. Det kan også gi høgare førekomst av lakselus, og større fare for rømming. I "trafikklyssystemet" som regulerer produksjonsnivået i havbruksnæringa har Vestland fått dei strengaste avgrensingane (raud sone), mellom anna av omsyn til næringas påverknad på villaksstammene i fylket. Både for fiskeri- og havbruksnæringa kan den ikkje-rapporterte fisken omsetjast svart, slik at staten tapar betydelege skatteinntekter. I tillegg gir slik praksis lovbrutarane ein konkurransefordel, medan dei som driv i tråd med lovverket tapar omsetjing og investeringar.

Du kan lese meir om fiskeri og havbrukskriminalitet på nettsidene til [Nasjonalt tverretattlig analyse og etterretningscenter- NTAES](#)



Ei havbruksverksemd i Vestland blei vinteren 2024 bøtelagt for å ha eksportert fisk av for dårleg kvalitet til utlandet. Verksemda eksporterte ulovleg fisk til ein verdi av over 30 millionar kroner.

## 6.4 Profesjonelle tilretteleggjarar av økonomisk kriminalitet

Kriminelle har nytte av profesjonelle tilretteleggjarar, som gjennom yrke eller fagkunnskap kan brukast til å mogleggjere kriminalitet, eller skjule kriminelle handlingar. Aktuelle tilretteleggjarar for kriminalitet kan være revisorar som legitimerer rekneskap for verksemdar som driver kvitvasking eller annan økonomisk kriminalitet, banktilsette som gir lån på uriktig grunnlag, eller saksbehandlarar i offentleg forvaltning som gir økonomiske ytingar eller løyve det ikkje er grunnlag for.

Du kan lese meir om aktuelle truslar innan miljøkriminalitet og økonomisk kriminalitet på [Økokrim sin nettsider](#).



Politiet får lite informasjon om økonomisk kriminalitet og miljøkriminalitet. På [politiets nettsider](#) kan du sende anonyme tips dersom du mistenker at slik kriminalitet skjer.

### Lokal trusselvurdering 2024-2025 Vest politidistrikt

Utgitt: November 2024

Utgiver: Vest politidistrikt

ISBN: xxx

Foto: Politiet